
Saksnr: 2020/75228-1
Saksbehandlar: Even Vaular

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingutvalet		16.11.2020
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.11.2020
Fylkesutvalet		10.12.2020
Fylkestinget		15.12.2020

Reviderte retningslinjer for tilskotsordningar for trafikktrygging i Vestland fylke

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget sluttar seg til dei føreslegne endringane i retningslinjene for tilskotsordningane til trafikktrygging i Vestland. Fylkestinget ber om at endringane vert innarbeidde i retningslinjene.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har tre tilskotsordningar for trafikktrygging. Etter erfaringane frå første tildeling bad SAMO i møte 3. juni (PS 52/2020) om at forslag til endringar i tilskotsordninga for fysiske ts-tiltak vart lagt fram for fylkestinget. I denne saka vert også endringar i dei to andre tilskotsordningane føreslått. Endringane i ordningane til fysiske ts-tiltak og kommunale ts-planar vil gi ein større fleksibilitet ved utlysing og tildeling av tilskot, noko som er tenleg ved endringar i rammene for tilskotsordningane, eller om pågangen på tilskotsordningane vert dårlegare enn venta. For tilskotsordninga til ts-aktivitetar vil den føreslegne endringa gi lågare krav om eigendel, og slik vera positiv for det frivillige ts-arbeidet og engasjementet kringom i fylket vårt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Lefdal
fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Retningslinjer - Tilskot kommunale trafikktryggingplanar - fellesnemnda 18. juni 2019
- 2 Retningslinjer - Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak - fellesnemnda 18. juni 2019
- 3 Retningslinjer - Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar - fellesnemnda 18. juni 2019
- 4 Samarbeid med kommunar om fysiske trafikktryggingstiltak og punktutbetring i tilskotsordning og investeringsprogram.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I 2019 vart tilskotsordningane som gamle Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar hadde for trafikktryggleik samordna og utvikla vidare til tre tilskotsordningar for Vestland fylkeskommune. Retningslinjer for tilskotsordningane vart fastsett i fellesnemnda for fylkessamanslåinga 18. juni 2019. Dei tre tilskotsordningane er:

- Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
- Tilskot til trafikktryggingssaktivitetar
- Tilskot til kommunale trafikktryggingssplanar

Første tildeling frå tilskotsordninga for fysiske trafikktryggingstiltak vart handsama i SAMO 28. april i år, i politisk sak (PS) 27/2020. Det kom inn relativt få søknadar til tildelinga, og me fekk ikkje delt ut alle pengane som var sett av til tilskotsordninga. Retningslinjene har sett ei øvre grense for tilskot (kr. 250.000 per tiltak), og eit krav om kommunal eigendel på minimum 50 prosent. Ved utforminga av retningslinjene tok me ikkje høgde for scenarioet som inntraff, og såleis er det ikkje innarbeidd ein fleksibilitet til å gi større tilskot og redusera den kommunale eigendelen ved behov.

I fylkesbudsjettet for 2020 vart det også vedtatt ei ekstraløyving på 5 mill. kr. til føremåla *trygg skuleveg, Hjertesone* og *punktutbetring*. Tilsvarende ekstraløyving kom fleire år på rad i Hordaland, og desse pottane vart gjort søkbare for kommunane gjennom tilskotsordningar. Det kunne vore tenleg å leggja årets ekstraløyving frå fylkestinget til ramma for Vestland si tilskotsordning, men gjeldande kriterium gjorde dette lite aktuelt.

I vedtaket frå tildelinga (PS 27/2020), står det i fjerde punkt:

«Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om ei sak der ein går gjennom dei ulike tilskotsordningane innanfor trygg skuleveg, fysiske trafikksikringstiltak, punktutbetring, og kjem med framlegg til eventuelle endringar i retningslinjene for tilskotsordningane slik som høgare beløp og/eller at ein står friare til å tildele høgare beløp om det er få søknadar, og/eller foreta omdisponeringar innanfor tildelt prosjekt/sum.»

Vedtaket vart fylgt opp med ei sak i SAMO-møtet 3. juni 2020. Saka greidde ut aktuelle endringar i retningslinjene for tilskotsordninga til fysiske ts-tiltak. Saksutgreiinga er vedlagt. I vedtaket frå saka (PS 52/2020) heiter det (punkt 3):

«Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om at endra retningslinjer for tilskotsordninga, med ein større fleksibilitet, vert lagt fram for fylkestinget slik at:

- Øvre grense for tilskotssum vert tilpassa endringar i ramma for tilskotsordninga som er kjende ved tidspunktet for utlysing.
- Noverande grense for øvre tilskotssum vert stryke frå retningslinjene.
- Det vert opna for at fylkeskommunen ved tildeling kan gjera unntak frå øvre grense for tilskot, og for minimum kommunal eigendel på 50 prosent.»

Det har også betydning for tilskotsordningane at fylkestinget i møtet 29. september vedtok reviderte reglement for dei folkevalde organa (PS 111/2020). I dei nye reglementa har trafikktryggingssutvalet fått mynde til å tildela tilskot frå dei tre tilskotsordningane til trafikktrygging. Tidlegare hadde SAMO denne mynda.

Fylkesrådmannen vurderer det som naturleg at aktuelle endringar i retningslinjene for alle dei tre tilskotsordningane vert vurderte og lagt fram for fylkestinget samstundes. I denne saken ser me såleis også på tilskotsordningane for kommunale ts-planar og ts-aktivitetar.

Vedtakskompetanse

Kven som har mynde til å vedta retningsliner for tilskotsordningar er ikkje skildra særskilt i reglementa for dei folkevalde organa. Fylkesrådmannen vurderer at vedtaksmynda ligg til fylkestinget, i tråd med punkt 2.1.2 i gjeldande reglement, der det heiter at fylkestinget skal gjera vedtak i saker om fylkeskommunal planlegging av eiga verksemd (tenesteproduksjon), m.a. gjennom utarbeiding og fastsetting av retningsliner. I denne tolkinga inngår tilskotsordningane som ein del av tenesteproduksjonen til fylkeskommunen.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tilskotsordningane til trafikktrygging inngår i løyvningsnivået *FTU-midlar*, som vert fastsett gjennom vedtak av fylkesbudsjettet. Retningslinene for tilskotsordningane skal syta for tenleg bruk av avsette midlar.

Klima: Fastsetting og endring av retningslinene har ingen direkte verknad på klimaet.

Folkehelse: Fastsetting og endring av retningslinene har ingen direkte verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Forslag til endringar i retningslinene

I tråd med nytt reglement for trafikktrygging, har utvalet no vedtaksmynde for tildeling av tilskot frå tilskotsordningane til trafikktrygging. Retningslinene for dei tre ordningane vil verta oppdaterte i tråd med dette. Det er vidare ønskeleg å tydeleggjera at det er fylkesdirektør for infrastruktur og veg som er ansvarleg for å fremja tilråding og forslag til vedtak.

Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak

Jamfør gjeldande retningsliner for tilskotsordninga (vedlagt denne saka), føreslår fylkesrådmannen følgjande endringar i retningslinene:

- I. Den definerte øvre grensa for tilskot per tiltak (250.000 kr) vert tatt vekk. Det skal framleis vera ei øvre grense, men denne vert fastsett for kvar utlysing, ut frå den venta ramma for tilskotsordninga.
- II. Øvre tilskotssum vert tilpassa den venta ramma, slik at ramma tillèt 8-12 tilsegn om tilskot med maksimal sum¹.
- III. Som hovudregel skal det framleis vera krav til minimum kommunal eigendel på 50 prosent. Det vert opna for at det ved utlysing likevel kan verta sett ein lågare sats for eigendel, dersom den venta ramma for tilskotsordninga tillèt høge einskildtilskot².
- IV. Det vert opna for at fylkeskommunen kan redusera den kommunale eigendelen og gi tilsegn om eit høgare tilskot ved tildeling, dersom det ligg an til at ramma for tilskotsordninga ikkje vert fullt ut nytta. Det inneber også at fylkeskommunen kan fråvika frå fastsett øvre grense for tilskot.
- V. Dersom det er få søknadar og/eller få tiltak som fagleg kvalifiserer for tilskot, skal fylkeskommunen vurdere ny utlysing eller omfordeling av resterande midlar i tilskotsordninga til andre trafikktryggingstiltak, opp mot å gi høgare tilskot og reduksjon i kommunal eigendel for tiltaka det er søkt om.

Tilskot til kommunale trafikktryggingssplanar

Jamfør gjeldande retningsliner for tilskotsordninga (vedlagt denne saka), føreslår fylkesrådmannen følgjande endringar i retningslinene:

- I. Det vert opna for at fylkeskommunen kan redusera den kommunale eigendelen og gi tilsegn om eit høgare tilskot ved tildeling, dersom det ligg an til at ramma for tilskotsordninga ikkje vert fullt ut nytta. Det inneber også at fylkeskommunen kan fråvika frå fastsett øvre grense for tilskot.
- II. Dersom det etter søknadsfristen er utgått ligg an til at ramma for tilskotsordninga ikkje vert fullt ut nytta, skal fylkeskommunen vurdere ny utlysing eller omfordeling av

¹ Døme: Viss ramme for tilskotsordninga på utlysingstidspunktet er venta å vera på 6 mill. kr, kan me fastsetta øvre tilskotsgrense per tiltak til ein stad mellom 500.000-750.000 kr.

² Døme: Om øvre tilskotssum etter punkt II til dømes vert sett til 2 mill. kr., kan eit krav om 50 prosent eigendel gjera det utfordrande for kommunar med dårleg råd å prioritera dei litt større tiltaka dei gjerne kunna ha fått tilskot til.

resterande midlar til andre trafikktryggingstiltak, opp mot å gi høgare tilskot og reduksjon i kommunal eigendel til søknadane som har kome inn.

Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar

Jamfør gjeldande retningsliner for tilskotsordninga (vedlagt denne saka), føreslår fylkesrådmannen følgjande endringar i retningslinene:

- I. Dersom kostnadane ved aktiviteten det vert søkt om overstig 50.000 kr, vert det stilt krav om eigendel. Eigendelen skal framleis vera på 25 prosent, men skal ikkje reknast på totalkostnaden - berre på den delen av kostnaden som overstig 50.000 kr³.

Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner dei føreslegne endringane for tilskotsordningane til fysiske tiltak og til kommunale ts-planar vil gi ein naudsynt fleksibilitet ved utlysing og tildeling av tilskot. Endringane vil vera tenlege ved endringar i rammene for tilskotsordningane, eller om pågangen på tilskotsordningane vert dårlegare enn venta. For tilskotsordninga til ts-aktivitetar vil den føreslegne endringa gi lågare krav om eigendel, og slik vera positiv for det frivillige ts-arbeidet og engasjementet kringom i fylket vårt.

³ Dagens retningsliner inneber at du får mindre i tilskot om aktiviteten har ein kostnad på 60.000 kr., enn om aktiviteten har ein kostnad på 50.000 kr. Dette av di eigendelkravet slår inn på heile kostnaden etter at denne passerer 50.000 kr. Krav til eigendel er no på 15.000 kr. om aktiviteten kostar 60.000 kr. Med føreslått endring vil kravet til eigendel verta 2.500 kr.